

# LOKALE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV TILSKOT TIL PRIVATE BARNEHAGAR I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

GJELDANDE FRÅ 01.01.2020. Vedtatt 17.12.19 i kommunestyret. Oppdatert lovverk 30.11.2021

## A. Lokale retningslinjer til Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehagar.

**Heimel:** Fastsatt ved Kongeleg resolusjon 9. oktober 2015 med heimel i lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar ([barnehageloven](#)) § 14 tredje ledd. Fremma av Kunnskapsdepartementet.

Lokale retningslinjer har lagt [Lov om barnehager](#) og [Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager](#) til grunn, og tek atterhald om sentrale endringar i lov og forskrift. Ved endringar i lov og forskrift blir lokale retningslinjer revidert innan utgangen av desember kvart år.

Bjørnafjorden kommune har både kommunale og private barnehagar og har vedteke lokale retningslinjer som presiserer innhaldet i Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager i paragrafane under:

### § 1. Vedtak om kommunalt tilskudd

Alle godkjende private barnehagar i Bjørnafjorden kommune blir tildelt kommunalt tilskot til ordinær drift i samsvar med [Lov om barnehager](#) og Lokale retningslinjer for tildeling av tilskot til private barnehagar i Bjørnafjorden kommune.

Vedtaket gjeld frå rapporteringstidspunkt og framover.

- Utgangspunktet for at ein ordinær barnehage eventuelt ein familiebarnehage skal få tilskot for eit barn, er at barnet har fått plass i barnehagen og at barnet brukar plassen. Når barnet har fått plass og faktisk brukar plassen på rapporteringstidspunktet, har den private barnehagen krav på tilskot for barnet.
- Ved byte av barnehage vert kommunalt tilskot tildelt ein barnehage. Den første barnehagen har rett på tilskot fram til første rapporteringstidspunkt etter bytte av barnehage. Den nye barnehagen har rett på tilskot for barnet frå og med første rapporteringstidspunkt etter at barnet begynte i barnehagen, sjå [§ 12: Rapportering av barn i private barnehager](#)
- Tilskot til barn med særlege behov, eller andre tilskot som ikkje går til det ordinære tilbodet i barnehagen, skal haldast utanfor ved utrekning av tilskot etter § 1 og skal heller ikkje trekkast frå ved tildeling av tilskot.

### Barnehageeigar skal:

- Sjå til at opplysningar i kommunen sitt barnehageprogram til ei kvar tid er oppdaterte.
- Rapportera grunnbemanning, pedagogbemanning, styrarressurs og barnetal i Utdanningsdirektoratet si årsmelding per 15.12. I tillegg skal barnehageeigar rapportere i skjema for Bjørnafjorden kommune ved oppstart av nytt barnehageår per 01.08.

Barnehageeigar skal til ei kvar tid kunne dokumentere at tal barn er innanfor godkjent leike- og opphaldsareal, pedagognorm og norm for grunnbemanning.

- Årleg rapportera barnehagen sitt årsrekneskap til Utdanningsdirektoratet. Opplysningane vert rapportert elektronisk via portal til Utdanningsdirektoratet (BASIL).
- Søke om dispensasjon etter krav i [Forskrift om pedagogisk bemanning og dispensasjon](#) om det viser seg at barnehagen ikkje klarer å tilsette personale med korrekt kompetanse. Søknad skal sendast kommunen i god tid slik at barnehagen til ei kvar tid har godkjent drift jamfør Lov om barnehager.
- Ha tilsvarande lønns- og arbeidstilhøve som i kommunale barnehagar dei private barnehagane kan samanlikna seg med.

### § 3. Driftstilskudd til ordinære barnehager

Bjørnafjorden kommune har både kommunale og private barnehagar og brukar mal utarbeida av KS og PBL for å rekne ut satsar for kommunalt tilskot. Modellen reknar ut tilskot til private barnehagar på grunnlag av kommunal sjølvkost, tal barn i kommunale barnehagar, barnehagen sitt byggeår og tal barn i private barnehagar. Modellen er tilpassa ordinære private barnehagar: [Beregningsmodell for tilskudd til private barnehager](#)

### § 6. Kapitaltilskudd til ordinære barnehager

Private barnehagar har rett til kapitaltilskot per heiltidsplass som er rapportert og tatt i bruk av barnet.

### § 12. Rapportering av barn i private barnehager

Barnehageeigarar skal årleg per 15. desember levere årsmelding til Utdanningsdirektoratet. Opplysningane vert rapportert elektronisk via portal til Utdanningsdirektoratet (BASIL). Årsmeldinga per 15. desember kvart år dannar grunnlaget for driftstilskot for påfølgande år.

I Bjørnafjorden kommune er det i tillegg fastsett ein rapporteringsdato ved oppstart av nytt barnehageår. Rapporteringsdato er sett til 1. august med verknad frå 1. august same år. Alle barn med oppstart i august vert rekna med. Rapporteringa skal gjennomførast på skjema fastsett av Bjørnafjorden kommune.

Barn som fyller tre år i tilskotsåret vert rekna som lite barn i perioden 01.01 til og med 31.07. Barn som fyller tre år i tilskotsåret vert rekna som stort barn i perioden 01.08 til og med 15.12. Barn i skulepliktig alder utløyser ikkje tilskot frå 01.08. og skal ikkje rapporterast. Unntaket er barn som har fått innvilga utsett skulestart.

Vedtak om kommunalt tilskot gjeld frå rapporteringstidspunkt og framover.

Rapportering per 15. desember kvart år dannar grunnlag for berekning av driftstilskot for perioden frå 01.januar til og med 31.juli i påfølgjande år. Rapportering per 1. august kvart år dannar grunnlag for berekning av driftstilskot for perioden frå 01.august til og med 31.desember inneverande år. Kommunalt tilskot blir utbetalt forskotsvis slik: i byrjinga av januar for 1. kvartal og deretter kvartalsvis.

Utdanningsdirektoratet har presisert at barnehagen skal rapportere barn som faktisk går i barnehagen. Det er ikkje tilstrekkeleg at dei er tildelt plass. Bjørnafjorden kommune vel å rette

segetter dette. Unntak er barn med utvida rett til plass j.f [§ 16 Rett til plass i barnehage](#) , det vil sei barn født i september, oktober og november året før tilskotsåret. Barnehagen har rett på tilskot frå 01.august sjølv om desse barna først tar barnehageplassen i bruk når retten oppstår, det vil sei frå august, september, oktober og november. Plasseringane må vere registrert i kommunen sitt barnehageprogram og bemanninga skal vere i tråd med tal barn som barnehagen får tilskot for frå august.

Ei eventuell utviding av rett til plass i barnehage medfører at Bjørnafjorden kommune justerer lokale retningslinjer i tråd med dette.

**Endringar som kan få innverknad på utmåling av kommunalt tilskot skal meldast til Bjørnafjorden kommune. Dette gjeld:**

- Opning:  
Nye godkjente private barnehagar får tilskot frå og med den datoen i opningsmånaden dei faktisk har godkjenning frå kommunen etter barnehagelova § 10 til å ta inn barn og under føresetnad av at barn og naudsynt personale er på plass i barnehagen.
- Nedlegging:  
Dersom barnehageeigar vel å avvikle drift av ein barnehage vil ikkje eigar lenger motta tilskot. For barnehagar som vert nedlagd, vert det gjeve tilskot ut den siste driftsmånaden.
- Mellombels stenging i meir enn ein kalendermånad:  
Dersom barnehagen vert stengd med heimel i barnehageloven § 53, eller av andre årsakar vert halde stengt i meir enn ein kalendermånad utover vanleg ferieavvikling, har ikkje barnehagen rett til å motta tilskot. Barnehageeigar skal umiddelbart melde frå til kommunen dersom heile eller deler av barnehagen er mellombels stengt meir enn ein kalendermånad utover vanleg ferieavvikling. Tilskot vert gjeve til og med den dato barnehagen stenger.
- Reduksjon i tal barn:  
Barnehagen skal drive med same omfang i barnetal som er rapportert per 15. desember og per 1. august. Om barn sluttar i barnehagen må barnehagen ta inn nye barn som erstatning for dei som sluttar innan 2 månader frå oppseiingsdato, så fram det er barn på venteliste. Ved teljing av barn vil eit barn under 3 år bli vekta som to barn over 3 år. Dersom omfanget vert redusert, skal barnehageeigar melde frå skriftleg til kommunen. For mykje mottatt tilskot vil bli kravd tilbakebetalt, [jamfør § 13](#).
- Auke i tal barn:  
Ny utmåling av tilskot skal vurderast ved store aktivitetsendringar, som til dømes oppretting av ny avdeling eller gruppe. Slike store aktivitetsendringar må avklarast med kommunen på førehand, og skal inngå i Bjørnafjorden kommune sin planlagte plan og behov for fleire barnehageplassar.
- Byte av barnehage:  
Eit barn har plass i ein barnehage til og med siste dag av oppseiingstida innanfor ei oppseiingstid på inntil 2 månader. Dette inneber at plass i ny barnehage ikkje vert registrert før etter at oppseiingstida på maksimalt 2 månader, plasseringsstopp, er gått ut i den første

barnehagen. Sjølv om ny barnehage vel å ta inn eit barn før oppseiingstida er gått ut og føresette vel å betale til 2 barnehagar i ein periode, så går oppseiingsdato framfor plasseringsstart og er styrande for kommunalt tilskot. Bjørnafjorden kommune tildeler tilskot til ein plassering per barn.

- Opptak av barn ved særskilte høve:  
Bjørnafjorden kommune må sikre at det i akutte situasjonar og særskilte høve er mogeleg å få barnehageplass til familiar som har trong for barnehageplass innan kort tid. Bjørnafjorden kommune kan oppmoda barnehagane om å ta inn einskildbarn og vil finansiere barnehageplassen ut frå gjeldande satsar om kommunalt tilskot. Det vil bli fatta nytt vedtak om kommunalt tilskot i slike høve.
- Dokumentasjon  
For at Bjørnafjorden kommune skal kunne få nok dokumentasjon til å vurdere den økonomiske situasjonen i private barnehagar, kan eit utval barnehagar årleg bli beden om å sende inn meir detaljerte opplysningar utover årsmelding per 15.12 og årsrekneskapen. Døme på dette kan vere namn på tilsette som mottok løn, alle utbetalingar til eigar eller eigar sine selskap og balansen i rekneskapen for barnehagen, jamfør [§ 23 i Barnehageloven](#) og [§ 4 Rapportering og opplysningsplikt](#) i «Forskrift om regnskapsplikt for godkjente ikkje-kommunale barnehager», i kraft 01.01.2013.

## B. Lokale retningslinjer ved utviding eller endring av barnehagetilbodet i Bjørnafjorden kommune

Bjørnafjorden kommune vil som eit framtidig utviklingsarbeid laga ein plan som legg til rette for behovsvurdering, prosedyre ved etablering av nye barnehageplassar, lokalisering og krav til nye barnehagar, retningslinjer ved vurdering av kvalitet på lokalisering, samt annan detaljplanlegging, til dømes parkering, vegar, storleik på bygg med meir.

## C. Lokale retningslinjer for opptak av barn

Bjørnafjorden kommune sine retningslinjer for opptak av barn i barnehagar i Bjørnafjorden kommune gjeld frå 01.01.2020.

I samarbeid med dei private barnehagane er det eit samordna opptak av barn til barnehagar jamfør [Lov om barnehagar § 17](#). Søknadsfrist er 1. mars. Barnehageeigar pliktar å delta i samordna opptak i kommunen.

Det er ønskeleg at barnehageeigarar i private barnehagar først og fremst bidreg til å tilby barnehageplass til barn som er folkeregistrert i Bjørnafjorden kommune.

Ved ledig kapasitet i barnehagane tildeler barnehageeigar plass jamfør egne vedtekter og godkjenning.